

# Iskald utrekning

## Du treng:

- Litermål i metall eller silikon
- Vatn

1. Fyll 1/3 liter vatn i litermålet. Set det i frysaeren over natta.

2. Ta litermålet ut av frysaeren, snu det opp ned og hell varmt vatn over botnen slik at isklumpen dett ut.

3. Fyll ein del vatn oppi målet og slepp isklumpen oppi.

4. Etterfyll med vatn slik at det når øvste merke i målet. Noko av isen ligg høgare enn vassnivået.

5. La isen smelte i romtemperatur. Kva trur du skjer?

## Kva skjer?

Vi kan bruke eksperimentet til å tenkje oss kva som skjer dersom all isen i Arktis smeltar. Eksperimentet viser at havnivået ikke kjem til å stige sjølv om havisen smeltar. Når vatn frys til is, utvidar det seg og tek meir plass enn flytande vatn. Når isen smeltar, held vatnet seg på same nivå som før.